

Styringsgruppemøte Områdeplan Lonena, Tid/stad 22.01.2019/ Nordhordlandshallen

Til stades: c

PMU

Ståle Juvik Hauge – leiar (AP)

Espen Aakre (AP)

Nils Markus Bakke (SP)

Bent Risøy (KRF)

Vetlemøy Wergeland (KRF)

Egil M Eidsnes (KRF)

Andreas Dyngen (Uavh)

Karl Vågstøl (H)

Ingrid Fjeldsbø (H)

Anita Högquist (H, vara frå FRP)

Administrasjonen

Hogne Haugsdal (Assisterande rådmann)

Hans Kristian Dolmen (planavdelinga)

Sondre Sognnes Haugen (planavdelinga)

Kaia Marie Amland (planavdelinga)

Plankonsulent

Ina Bakka Sem-Olsen (Opus Bergen AS)

Lene Loy (Opus Bergen AS)

Tiltakshavar


Vigleik Sirnes (Rygir Tomteutvikling AS)

Administrasjonen

Justering av planprosess

Form og detaljnivå for referat frå møtet: Viser til avklaring i politisk styringsgruppemøte, og referatfører berre styringssignal.

Administrasjonen la blant anna fram eit kart som utgangspunkt for diskusjon angåande storleiken på areal for bustad, kombinerte føremål og friområde, basert på styringssignal frå november. OBS! Friområdet i kartet er ikkje nøyaktig lik styringssignal gitt i november. Avgrensinga til arealføremålet o_GF er plassert omrentleg, for å vise prinsippet med offentleg friområde i Lona, Brekkeløypa og med buffer rundt Brekkeløypa. Arealføremål for bustad er lik styringssingala, men justert/forenkla noko for betre samsvar med detaljgraden i ein områdeplan med plankrav. Dette er illustrert i notatet sendt inn i forkant av møtet.



Styringsgruppa

Justering av planprosess

Utvalsleiar orienterer om tidlegare prosess. Viser til siste styringssignal om 300 eininger.

Styringsgruppa hang seg tidleg i prosessen opp i talet på bueiningar. Posisjonen ønsker no å la talet på bueiningar stå opent for vurdering i vidare detaljplan. I denne omgongen ønsker posisjonen heller å legge rammer for tal på etasjar el.l.

Posisjonen ønsker å gje nye signal for ein områdeplan med detaljplankrav for areala for bygningar og anlegg.

Styringssignal frå Ap, KRF og SP:

- Behalde utstrekninga til B1 og B2.
- Kombinerte føremål kan bytast ut med andre føremål og i tillegg justerast ned litt i areal.
- B3 og B4 kan utvidast litt i sorleik.
- Følgje opp kommunedelplan med ei utnytting på 40-80% BRA.
- I høve tilpassing til terrenget, ønsker fleirtalet å gje tre etasjar som byggehøgde.


Styringssignal frå Høgre, Uavh, Vetlemøy Wergeland (KRF) og Egil M Eidsnes (KRF):

- Utvide B1 og B2 til skissert grense for friområdet. Plankonsulent justerer avgrensing tilpassa terrenget, og held seg på «oppssida» av skrent. Sjå raud tjukk markering.
- Følgje avgrensinga til BAA1 og BAA2 og trekke friområdet (o_GF) inntil BAA1 og BAA2. Arealføremålsgrensa til friområdet skal gå vidare rett fram frå BAA2 og følgje avgrensinga til skissert friområde aust for B4. Plankonsulent justerer avgrensing tilpassa terrenget.
- B4 blir utvida til arealføremålsgrensa til friområdet. Plankonsulent justerer avgrensing tilpassa terrenget.
- B3 blir utvida til BAA2 og orange strek i kartet over, som viser justering av arealføremålsgrensa til friområdet, etter styringssignalen i januar 2019. Plankonsulent justerer

avgrensning tilpassa terrenget.

- Oppretthalde kombinerte føremål med bustad/ privat eller offentleg tenesteyting i BAA1 og BAA2. Må vere moglegheit for barnehage i kombinerte føremål. Styringsgruppa gav ikkje signal om å sikre moglegheit for handel/nærbutikk i dei kombinerte føremåla.
- Styringsgruppa gjer konsulent og administrasjonen friheit til å justere signala om arealføremålsavgrensing noko etter topografi og andre planfaglege vurderingar.
- Vidareføre utnytting som er gitt i overordna komunedelplan, 40-80% BRA.
- Det er ikkje gitt styringssignal om at det skal fastsettast eit generelt maksimumstal på etasjar for områdeplanen.

Styringssignal frå Høgre, Uavh, Vetlemøy Wergeland (KRF) og Egil M Eidsnes (KRF) skissert:



— Avgrensning etter styringssignal
— Skrent

Avstemming:

Styringssignalet til Høgre, Uavh, Vetlemøy Wergeland (KRF) og Egil M Eidsnes (KRF) fekk flest stemmer av dei same partia/kandidatane.

Referat - frå styringsgruppemøte i planutvalget (PMU)

Tid: 22.01.19

Tema områderegulering Ostereidet

Leiar i utvalget refererte innleiingsvis fra dialogmøte med Statens vegvesen 18.01.19 der tema var kollektivterminal og infrastrukturtiltak.

Multiconsult, ved Torunn Åsheim presenterte arbeidet dei har gjort med områderegulering på Ostereidet.

- Kollektivløysing ved senteret**

Multiconsult har skissert og teikna 4 ulike alternativ til kollektivløysninga, etter møte med Statens vegvesen har dei og teikna ut eit nytt alternativ, alternativ 5. Framlegget var presentert for styringsgruppa, som tilrådde å gå vidare med alternativ 5, som er ei kvartalsløysing for kollektivhaldsplassane.

- Gang og sykkelveg**

Det har vore framlegg om mulighet for alternativ gang -og sykkel veg frå sentrum og ned mot Ostereidet idrettsplass. Multiconsult har arbeida med nokre framlegg som går gjennom LNF-området oppanfor Eidevegen. Etter å ha teikna ut framlegga, ser vi at ein kan oppnå ein kortare veg, men då stettar den ikkje krava til universell utforming. Dersom gang- og sykkelvegen skal stette krava til universell utforming, vil ein slik veg vil vere omtrent like lang eller lengre enn langs Eidavegen. Det vert lagt inn eit punkt i føresegnene til planen som seier at dersom nokon ynskjer kan det opnast for å planlegge for ein turveg gjennom området.

Administrativ styringsgruppe tilrådde å gå vidare med å planlegge for G/S langs Eidevegen.

Rekkefølgekrav knytt til gang- og sykkelveg langs Eidevegen var og tema. Her ynskjer utvalgsleiar at det vart teke initiativ til eit møte med SVV for å få avklart kva rekkefølgekrav som vert stilt og kva tiltak som løyser dei ut.

- Parkering**

Tal for dagens parkeringsdekning og krav i kommuneplanen vart presentert. Trong for fleire parkeringsplassar vart drøfta, spesielt i høve til plassering av ny idrettshall.

Administrativ styringsgruppe påpeika at nok og synlege parkeringsplassar var viktig og at planen må sikre nok parkeringsplassar.

- Bustad**

Vi drøfta om det er høve for å redusere arealet som er forslått som bustad mot sør, med utgangspunkt i signal i Planforum. Styringsgruppa slutta seg til at det kunne arbeidast vidare med dette.

- Skule**

I kommuneplanen er det sett av areal til framtidig offentleg formål rundt skule og idrettsområde. Det vart drøfta om ein kunne gjere det offentlege området mindre, og tilbakeføre deler av det arealet som er lagt ut bak skulen til LNF i områdeplanen.

Administrativ styringsgruppe ba administrasjonen om å sjekke om det er trøng for areal til ei eventuell utviding av barneskulen og om ein treng noko areal innanfor det framtidige offentlege formålet til parkering.

- **Handelsanalyse**

Det er kome varsel om motsegn frå Hordaland fylkeskommune med grunnlag i at det ikkje er utført ei handelsanalyse for området. Administrasjon ved Sondre Sognes Haugen orienterte om arbeidet med handelsanalysa. Den viser at dersom det vert lagt ut så mykje areal som er foreslått i planframlegget som var på høyring, vil det sannsynlegvis bli motsegn. Administrasjon fekk i oppdrag å sjå på om det er mulig å ta ut noko av handelsarealet. Det vart også oppmoda om å ta eit møte med grunneigarar i Ostereidet senter

Referent

Kristin Nåmdal

Leiar plan i Lindås